

VA dagene Midt Norge 2013


Kommunal overtakelse av privat vannverk –
eksempel frå Stryn

Siv. Ing Tobias Dahle
(og tidlegare teknisk sjef i Stryn kommune)


Moment

- Status/bakgrunnen for at denne saka kom opp
- Gjeldande lovverk på området
- Kommunal handtering av saka og status no

Nordfjord regionen



Vassverka Blakset og Ulvedal



Bakgrunn(1)

- Vassverka Blakset og Ulvedal ligg om lag 20 km vest for Stryn sentrum på nordsida av Nordfjorden.
- Blakset har 60 abonnentar og Ulvedal 20 abonnentar, forsyningsområdet ligg 5 km frå kvarandre – råvasskjelda er den same.
- Råvasskvaliteten er krevjande, med høgt bakterieinnhald og fargetal på 20 – 30. Ingen vassbehandling i dag, begge vassverka har konstant kokepåbud

Bakgrunn(2)

- Felles for begge vassverka er at leidningsanlegget har små dimensjonar slik at brannvasskapasiteten er dårleg. Lite og ingen bassengkapasitet.
- Oppsummering: begge vassverka har betydelege manglar i høve til krava i Drikkevassforskrifta
- Mattilsynet har gjennom fleire møte og over lenger tid (år) gjort det klart at oppgraderingstiltak ved vassverka må gjennomførast.

Bakgrunn(3)

- Styra i begge vassverka vurderte ulike løysingar, m.a. blei det innhenta pris frå ulike leverandørar av vassbehandlingsanlegg.
- Det blei og laga kostnadsoppsett på nytt leidningsanlegg i samband med samankopling av vassverka. Kostnadsoppsettet var basert på omfattande dugnadsinnsats med dertil bruk av låge einingsprisar.
- Men samla kostnader blei likevel så høge at styra/vassverka ikkje såg seg stand til å kunne handtere denne oppgåva aleine. Dei ba difor om at kommunal overtaking av vassverka

Stryn kommune (1)


- Kommunen ligg inst i Nordfjorden, har i overkant av 7000 innbyggjarar med eit variert og aktivt næringsliv.
- Om lag halvdelen av innbyggjarane er tilknytt kommunale vassverk.
- Resten blir forsynt frå større og mindre private vassverk. Mange av desse er av bra kvalitet som leverer vatn av god kvalitet, men fleire godkjenningsspliktige private vassverk har betydelege utfordringar, ikkje berre vassverka Ulvedal og Blakset.

Stryn kommune (2)

Utfordringar ved kommunal overtaking:

- Oppgradering av Ulvedal og Blakset til kommunal standard medfører betydelege investeringar.
- Kommunen har ikkje høve(råd) til å ta dette over det ordinære budsjettet, investeringane må inn i sjølvkostgrunnlaget. Dette betyr at det berre er om lag 50 % av innbyggjarane er med og betaler på oppgraderingane
- Løysinga for Blakset og Ulvedal vil og kunne danne presedens/mønster for andre private vassverk der utfordringane er store.

Planteikning



Konsekvensar (1)

Viktige moment ved ei mogleg kommunal overtaking var følgjande:

- Kva kostar aktuelle tekniske oppgraderingar både i investeringar og årskostnad
- Kva blir konsekvensen for dei øvrige abonnentane med omsyn til auka årsgebyr

Planløysing	Investeringskostnad mill kroner	Årskostnad 1000 kroner
Alt 1:	10,2 mill kroner	900
Alt 2:	14,8 mill kroner	1.250

Konsekvensar (2)

Tabellen syner auke i årsgebyr for ein vanleg bustadabonnent

Anleggstilskot I 1000 kroner	10 mill investering	15 mill i investering	20 mill i investering
0	312	468	626
25000	249	405	561
50000	187	343	499
75000	125	283	436

Juridiske vurderingar (1)

- Stryn kommune har ingen plikt til å overta vassverka sjølv om desse forsyner skule, kommunalt bustadfelt m.v.
- Ut frå rettferdsomsyn til dei andre abonnentane i kommunen er det ikkje aktuelt for andelseigarane ved Ulvedal og Blakset å sleppe “gratis” inn i det kommunale sjølvkostregimet.
- Det må betalast ein meirpris i høve til andre abonnentar i kommunen. Kor mykje og korleis dette skal skje, er ein politisk sak.

Juridiske vurderingar (2)

Tre alternativ er i utgangspunktet aktuelle:

1. Refusjon etter PBL
2. Anleggsbidrag
3. Oppretting av ulike gebyrsoner, (underskot ei sone blir dekket opp av overskot i ei anna sone – til saman 100 % inndecking)

Utvikling i saka(1)

Rådmannen kom våren 2011 med følgjande framlegg:

1. Kvar abonnent skal betale 35.000 i anleggstilskot
2. Det skal opprettast ei eiga gebyrsone for vassveka slik at tilknytingsgebyr/årsgebyr kan setjast høgare enn i resten av kommunen.

Utvikling i saka(2)

1. Formannskap møte Mars 2011 - Vedtak i samråd med tilråding frå rådmannen
2. Kommunestyre Mai – utsette saka med bakgrunn i nytt innspel frå vassverka:
 - Godtok 35.000,- i anleggsbidrag
 - Godtok ikkje at det skulle etablerast ei eiga gebyrsone(sjølvkostområde)

Utvikling i saka(3)

Ut frå dette blei innstillinga frå rådmannen endra ved at del 2 om eiga gebyrsone gjekk ut :

Ny kommunal behandling i mai/juni 2011

1. Teknisk Utval – sa nei
2. Formannskap – sa nei
3. Kommunestyret – sa ja på to vilkår;
 - Kvar abonnent/andelshavar skal betale inn kroner 50.000,- eks mva
 - Sum innbetalt til kommunen skal utgjere minst 4 mill kroner

Utvikling i saka(4)

Situasjonen haust 2011 og vår 2012:

- Vedtaket blei dårleg motteke av dei private vassverka – fleire styremedlemar i begge vassverka tykte krava var urimelege og ville bygge ut i privat regi.
- Fleire møte interne møte i vassverka og med kommunen
- Eiga vurdering om forhold til mva - det skal betalast mva på anleggstilskotet

Utvikling i saka(5)

Situasjonen hausten 2012/vinter 2013

- Mattilsynet kjem med vedtak i august 2012, dagbot på kroner 300,-. Denne vil påløpe om ikkje oppgraderingstiltaka av vassverka bli sette i verk. Frist for gjennomføring 15. november 2013.
- Dei private vassverka godtek vilkåra kommunen har sett.
- Forhandlingar om kor stor del av fordelingsnettet kommunen skal overta.

Utvikling i saka(6)

Resultatet frå forhandlingane blei som følgjer:

- Kommunen overtek leidningar med dimensjon 63 mm eller større
- Inntil 4 abonnentar på private felleisleidningar
- Kommunen har løyvd pengar til oppgradering av vassverka – ligg inne i 2013/2014
- Alle underskrifter frå andelseigarane er på plass. Kommunestyret vedtok 23 oktober 2013 – formell overtaking av vassverka.

Oppsummering

- Denne saka er i ferd med å få ei god teknisk løysing – vassverka Ulvedal og Blakset vil etter alt å dømme få vanleg god kommunal standard i løpet av nokre få år.
- Påverknad frå Mattilsynet har vore heilt nødvendig.
- Relativt kostbart for dei andre abonnentane i kommunen med oppgradering av dei private vassverka, 300 til 600 kroner i auka årleg gebyr.